




Kvam herad

Prisar og gebyr

Rådmannen sitt framlegg



Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028



AFSK 20.11.2024

Kan delast i 4 kategoriar

1. Årleg indeksregulering
2. Statleg fastsette satsar
3. Følger sjølvkostforskrift
4. Eigedomsskatt

Framsikt:

- Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -> Sentrale kapittel -> Gebyrliste
- Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -> Introduksjon -> Lesarrettleiing og vedlegg -> Budsjettnotat-kommunalegebyr 2025



1. Årleg indeksregulering

- Årleg prisjustering følger kommunal deflator frå statsbudsjettet og aukar med 4,1 % i 2025
- Eksempel
 - leige kommunale bygg, matpengar barnehage, heimetenester (utanom statleg sats), brannberedskap, tryggleiksalarm, kulturskule, SFO, varer og tenester
- Kyrkja
 - Aukar sine gebyr på gravferd og festeavgift med 4,8 %



2. Statleg fastsette satsar 2025

- Makspris i barnehage uendra frå 2024
 - Kvam nyttar makspris kr 2 000
 - Kr 1 200 for 50 % barnehageplass
 - Syskenmoderasjon for føresette som har barn i både barnehage og SFO er foreslått fjerna frå skuleåret 2025-26
- Helse og omsorg
 - Korttidsopphald auka 3,6 % til 200 kr/dag
 - Praktisk bistand auka 4,3 % til 240 kr/mnd for inntekt inntil 2G
 - Dagsenter auka 4,5 % til 115 kr/dag



3. Følger sjølvkostforskrift

- Vatn, avlaup, slamtømming og feiing
- Plan, byggesak og oppmåling
- Avfall (handtert av BiR)
- Følger kommunelov og sjølvkostforskrift:
 - Gebyret skal ikkje vera større enn direkte og indirekte kostnader ved å yte tenesta
 - Over-/underskot skal rekneskapsførast på sjølvkostfond og gjerast opp innan 5 år
 - Berekningane skal dokumenterast:
Framsikt: Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -> Lesarrettlegg og vedlegg->
Budsjettnotat – kommunalegebyr 2025



3. Følger sjølvkostforskrift

Gebyr	2024	2025	Endring
Vatn - fast	3 363	3 519	4,6 %
Vatn – forbruk (m3)	29,5	28,4	- 3,7 %
Avlaup - fast	2 513	3 605	43,5 %
Avlaup – forbruk (m3)	24,7	29,8	20,6 %
Slamtømming	1 623	1 623	0 %
Tilsyn (brannforebygger)	480	552	15,0 %
Feiing (per time)	470	552	17,4 %

- Avlaup - fast ned frå kr 3 454,- i 2023 til kr 2 513,- i 2024 (27,2 % reduksjon)
- Avlaup – forbruk ned frå kr 32,30 i 2023 til kr 24,70 i 2024 (23,5 % reduksjon)
- Fond som måtte brukast opp etter 5 års regelen



3. Sjølvkost - Plan, bygg og oppmåling

- Sjølvkosttenester

- Skal gå i null, men tenestene har tidlegare vært subsidiert av kommunen
- Konsulent har gjennomført berekningar av tidsbruk og prisar
- Dei største endringane i 2025

Gebyr	2024	2025	Endring
Førehandskonferanse byggesaker	1 109	6 850	518 %
Oppstartsmøte plansaker	3 881	20 040	416 %
Fasadeendring større bygningar	6 038	27 400	354 %
Endringar av reguleringsplanar	6 652	30 060	352 %



4. Eigedomsskatt

- Forslag 2025
 - Auka promillen for bustad og fritidsbustadar frå 3,0 til 4,0 (maks sats)
 - Uendra botnfrådrag på kr 350 000
 - Uendra promille 7,0 på næring (maks sats)
 - Dette gjev kommune ei auka inntekt på 5,8 MNOK samanlikna med 2024
- I 2025 er eigedomsskatten budsjettert til 45,9 MNOK
 - av dette er 22,8 MNOK frå bustad og fritidsbustad
 - av dette er 23,1 MNOK frå vasskraft og anna næring
- Vidare i økonomiplanperioden
 - 2026 Botnfrådrag foreslått redusert til 200 000 (auka inntekt med 4,0 MNOK)
 - 2027 Botnfrådrag foreslått fjerna heilt (auka inntekt med 5,4 MNOK)



4. Eigedomsskatt

- Historikk
 - Alle eigedomar retaksert i 2021 (kvart 10. år)
 - 2022 - innført botnfrådrag på kr 200 000,- promille redusert frå 3,2 til 3,0
 - 2023 - botnfrådraget auka til kr 300 000
 - 2024 - botnfrådraget auka til kr 350 000
- Eigedomsskattelova
 - § 13: «Skattøyret kan ikkje aukast same år som botnfrådrag fell bort»
 - *det er mogleg å både auka promillen og redusera botnfrådraget same år, men ikkje å fjerna botnfrådraget heilt og samstundes auka promillen*
 - § 13: «Seinare kan skatten ikkje i noko år aukast med meir enn kr 1 for kvart kr 1 000»
 - *ved endring av både promille og botnfrådrag bør netto effekten av skatteskjeringa ikkje overstiga 1 promille*
 - *dersom ein berre reduserer botnfrådraget bør netto effekten av skatteskjeringa heller ikkje overstiga 1 promille*
 - Dette framkjem ikkje tydeleg i saksdokumenta
- Excel-fil: Eigedomsskatt 2025



Spørsmål ?

